

5666

5667

5668 **Innhold**

5669

5670

5671 234. Tannhelse Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti..... 2

5672 Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd ..... 2

5673 235. E39 Vågsbotn-Klauvaneset Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti ..... 2

5674 Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd ..... 2

5675 236. Læringar Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti ..... 2

5676 Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd ..... 3

5677 237. Vindkraft Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti ..... 3

5678 Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd ..... 3

5679 238. Fjern kvikksølv ved Fedje Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti ..... 3

5680 Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd ..... 4

5681 239. Mongstad – reduksjon av CO2-utslepp, grøn omstilling og industriutvikling

5682 Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti ..... 4

5683 Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd ..... 4

5684 240. Meir aktivt vern av natur Forslagsstillar: Arbeiderpartiet i Bergen ..... 4

5685 Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd ..... 5

5686 Ny setning til forslag nr 185 ..... 5

5687

5688

5689

5690

## 5691 234. Tannhelse

### 5692 Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti

5693

5694 Forslag:

5695 Det må arbeidast for at tannhelse blir ein del av folketrygda og ein del av det ordinære  
5696 helsesystemet.

5697

5698 Grunngeving:

5699 I dag er ikkje tannhelse ein del ein del av det ordinære helsetilbodet. Dette medfører at mange ikkje  
5700 har råd til å ta skikkelig vare på denne delen av helsa si. Det må arbeidast for at tannhelse blir ein del  
5701 av folketrygda og ein del av det ordinære helsesystemet. Dette må innførast gradvis, og først i dei  
5702 gruppene av befolkninga som treng det mest. Målet må vere at all naudsynt tannbehandling blir  
5703 dekka av fellesskapet med ei øvre grense for eigendel.

5704

5705 Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd

5706

5707

## 5708 235. E39 Vågsbotn-Klauvaneset

### 5709 Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti

5710

5711 Forslag:

5712 E39 Vågsbotn-Klauvaneset må prioriterast som første byggjetrinn på Ringveg Øst og realiserast så  
5713 snart som mogleg.

5714

5715 Grunngeving:

5716 E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset har ein årsdøgntrafikk på over 20 000 midt på strekket, 12 % av  
5717 dette er tungtrafikk, dvs. 2500 kjøretøy. Vegbreidda er på det smalaste mindre enn 6 meter, dette  
5718 gjer vegen til den smalaste i landet om ein tar omsyn til trafikkmengd. I tillegg er det 25 uoversiktlege  
5719 avkøyrslar på strekket som er om lag 9 km. Kwart døgn kjører eit stort tal tunge kjøretøy med farleg  
5720 gods og væsker gjennom området på veg til og frå industriområdet på Mongstad. Vegen er  
5721 utrykkingsveg til og frå Nordhordland for helse (ambulanse), politi og brannvesen, og med rekkverk  
5722 på begge sider er faren stor for at utrykkingskjøretøy ikkje vil kome fram. Det er viktig at arbeidet  
5723 med kommunedelplanen for strekninga mellom Nordhordlandsbrua og Arna blir gjennomført hurtig,  
5724 slik at E39 Vågsbotn-Klauvaneset kan prioriterast som første byggetrinn av Ringveg Øst og realiserast  
5725 i første periode etter rulleringa av Nasjonal transportplan i 2021.

5726

5727 Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd

5728

5729

## 5730 236. Lærlingar

### 5731 Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti

5732

5733 Forslag:

5734 Tilskotet til lærlingordninga må aukast og det må setjast i verk tiltak som stimulerer til å ta inn  
5735 lærlingar. For å få offentlege anbod må ein ha aktive lærlingar i arbeidsstokken.

5736

5737

5738  
5739  
5740  
5741  
5742  
5743  
5744  
5745  
5746  
5747  
5748  
5749  
5750  
5751

Grunngjeving:

Tilgangen på læreplassar er heilt avgjerande for at store delar av ungdomskulla skal kunne fullføre opplæringa. Fråfall frå vidaregåande opplæring er gjerne den største årsaka til utanforskap, og i eit samfunnsøkonomisk perspektiv svært negativt. For å lukkast med dette er det viktig at både private og offentlege verksemdar tar det samfunnsansvaret det er å vere aktive lærebedrifter. Derfor er det viktig at ein aukar tilskotet til lærlingordninga og at ein set i verk tiltaksordningar som stimulerer både privat og offentleg sektor til å ta inn lærlingar. Det må vere eit krav at dei som får offentlege anbod ikkje berre er godkjent lærebedrift, men har aktive lærlingar i arbeidsstokken.

[Partistyreets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd](#)

## 5752 237. Vindkraft

### 5753 Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti

5754  
5755  
5756  
5757  
5758  
5759  
5760  
5761  
5762  
5763  
5764  
5765  
5766  
5767  
5768  
5769  
5770  
5771  
5772  
5773  
5774

Forslag:

Det må framleis seiast nei til vindkraftutbygging i Stølsheimen og områda vestafor. Satsinga på havvind med flytande vindmøller til havs og oppgradering av vasskraft må støttast vidare. Utbygging av vindkraft bør følgje prosessane i plan- og bygningslova og rammevilkåra for vind- og vasskraft må harmoniserast.

Grunngjeving:

Sjølv om regjeringa har «skrinlagt» Nasjonal ramme for vindkraft på land held fleire utbyggerar fram arbeidet med sine gigantplanar. Derfor er det viktig at vi framleis seier nei til utbygging av vindkraft i Stølsheimen og områda vestafor. Dette er eit av dei mest verdifulle fjellområda i Nordhordland og Bergensregionen. Desse planane vil industrialisere store område med viktig og sårbar natur, og verdfulle natur- og friluftsområde vil forringast. Utbygging av fornybar energi er ikkje berre problemfri, og det fins betre alternativ enn storskala utbygging i t.d. Stølsheimen. Av dei beste alternativa er satsinga på havvind med flytande vindmøller til havs og oppgradering av vasskraft, og denne satsinga må støttast vidare. Utbygging av vindkraft bør følgje prosessane i plan- og bygningslova og rammevilkåra for vind- og vasskraft må harmoniserast.

[Partistyreets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd](#)

## 5775 238. Fjern kvikksølvet ved Fedje

### 5776 Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti

5777  
5778  
5779  
5780  
5781  
5782  
5783  
5784  
5785  
5786  
5787

Forslag:

Det berre fins ei akseptabel løysing når det gjeld ubåten U-864 og kvikksølvet ved Fedje. Det er at mest mogleg av kvikksølvet blir heva og fjerna.

Grunngjeving:

På 150 meters djup, få kilometer vest for Fedje, ligg ubåten U-864 med 65 tonn flytande kvikksølv på stålfasker. Kjem dette kvikksølvet ut i naturen vil det ha katastrofale følgjer for nærmiljøet og for havbruksnæringa. Regjeringa har bestemt at vraket skal dekkast til, men det har kome nye moment i saka og ein må inngå samarbeid med subsea-miljø med avansert teknologi som har realistiske løysingar på dette problemet.

5788  
5789  
5790  
5791  
5792  
5793  
5794

Det fins framleis berre ei akseptabel løysing på denne saka, og det er at mest mogleg av kvikksølvet blir heva og fjerna. Det er ikkje fleire utgreiingar, men handling som må til.

Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd

## 5795 239. Mongstad – reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslepp, grøn omstilling og 5796 industriutvikling 5797 Forslagsstillar: Alver Arbeidarparti

5798  
5799

Forslag:

5800 Det er viktig at ein nyttar den sterke industrikompetansen som fins i næringa til å satse på ny og grøn  
5801 industriutvikling på Mongstad, til dømes innan fornybar energi. Raffineriet på Mongstad bør vera ein  
5802 pådrivar for å utvikle teknologi og løysingar for å nå utsleppsmåla, mellom anna med å satse vidare  
5803 på karbonfangst og lagring.

5804  
5805

Grunngjeving:

5806 Mongstad er eitt av landets største industriområde med nærare 3000 arbeidsplassar innan  
5807 petroleumsrelatert og maritim verksemd. Gjennom 40 år er det bygd opp ein unik  
5808 industrikompetanse som har gjort Noreg til ein verdslaiande petroleumsnasjon. Det er viktig at ein  
5809 nyttar den sterke industrikompetansen til å satse på ny og grøn industriutvikling på Mongstad, til  
5810 dømes innan fornybar energi.

5811  
5812 Raffineriet på Mongstad er det største punktutsleppet av CO<sub>2</sub> i landet. Det er difor viktig at det vert  
5813 jobba med ein heilskapleg plan for å redusera utsleppa på Mongstad, samstundes som det vert  
5814 tilrettelagt for eit grønt skifte der ein sikrar anlegget lønnsemd og konkurransekraft. Ifølgje Equinor  
5815 sine planar skal utsleppa reduserast med 40 % innan 2030, målt mot utsleppa i 2005, og vere  
5816 tilnærma utsleppsfri i 2050. Dette er i tråd med Paris-avtalen og FN sine berekraftsmål. Raffineriet på  
5817 Mongstad bør vera ein pådrivar for å utvikle teknologi og løysingar for å nå utsleppsmåla, mellom  
5818 anna med å satse vidare på karbonfangst og lagring.

5819  
5820  
5821  
5822

Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd

## 5823 240. Meir aktivt vern av natur 5824 Forslagsstillar: Arbeiderpartiet i Bergen

5825  
5826

Forslag:

- 5827 - Arbeiderpartiet vil bruke vern etter Naturmangfoldloven mer aktivt for langsiktig sikring av  
5828 viktige områder som fyller forutsetningene i loven.
- 5829 - Områder med særlig verdifull vestlandsnatur og bynære rester av natur- og kulturlandskap bør  
5830 vernes i større grad enn i dag.
- 5831 - AiB vil i arbeidet med kommunens nye plan for naturmangfold vurdere landskapsvern som  
5832 styrking av og supplement til kommuneplanens vern for særlig viktige områder.

5833  
5834

5835  
5836 Begrunnelse  
5837 Tapet av natur er en like stor trussel som klimaendringene, ifølge FNs naturpanel. Kampen står ikke  
5838 bare i Amazonas. Mange steder i Norge kjemper folk for å bevare natur mot vindkraftutbygging, lite  
5839 fremtidsrettet motorveibygging og gammeldags byspredning.  
5840  
5841 Som oppslag i media har vist, må ofte vanlige folk mobilisere på kort varsel og kjempe i motvind og  
5842 motbakke mot tunge aktører som har lagt strategien på forhånd. Dagens regjering har svært liten  
5843 vilje til å prioritere vern av sårbar natur.  
5844  
5845 Det er god sosialdemokratisk politikk å tenke helhet, prioritere og vise retning. Det må gjelde på  
5846 dette området også. Naturvern handler om alle typer natur, og henger sammen med klimamål,  
5847 folkehelse, kulturformidling og friluftsliv. For lite vern av verdifull natur fører til flere konflikter i  
5848 samfunnet, og at naturressursene utnyttes på feil måte.  
5849  
5850 Vi har gode virkemidler for å hindre tap av natur, men de må sees i sammenheng og tas i bruk på en  
5851 mer aktiv måte. Vern etter Naturmangfoldloven er i dag langt mer brukt på Østlandet enn i vår del av  
5852 landet, rett og slett fordi veien til departementet er kortere. Vi finner nasjonalparker langs  
5853 Oslofjorden og landskapsvernområder i Oslo sentrum. Dette er grep som trengs også på Vestlandet  
5854 og i Bergen.  
5855  
5856 [Partistyrets innstilling: Oversendes redaksjonsnemnd](#)  
5857  
5858

## 5859 Ny setning til forslag nr 185

5860

5861 «Rektor skal stadig være styreleder, og sikre faglig ledelse ved universitetene.»

5862